

ÅRSBERETNING FRÅ STYRET 2017

Verksemd.

Selskapet si verksemd er å arbeide for betre vegkommunikasjon i Nordhordland og mot Bergen. Verksemda har sitt kontor i Knarvik i Lindås kommune.

Utvikling, resultat og stilling.

Selskapet har i 2017 hatt sine inntekter frå eigarane Nordhordland Utviklingselskap IKS (Regionrådet Nordhordland), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit korrekt bilete av drifta i 2017, og av status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen pr. avslutningsdato.

Nordhordlandspakken vart vedtatt av Stortinget på slutten av 2017 (St.prop 164), og det er iht. denne sett ned eit kontaktutval bestående av representantar frå Hordaland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Regionrådet i Nordhordland som skal jobba vidare med styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Framleis drift.

Føresetnad om framleis drift, gitt meir driftsmidlar frå eigarane, er etter styret si meining til stades og er lagt til grunn for årsrekneskapen.


Arbeidsmiljø og likestilling.

Selskapet har i 2017 ikkje hatt fast tilsette. I styret er det tre menn og to kvinner.

Klima og miljø.

Selskapet rettar seg etter dei offentlege pålegg som gjeld, og styret kan ikkje sjå at ein påverkar klima og det ytre miljø på skadeleg eller ulovleg vis.

Knarvik, 4. juni 2018



Jon Askeland
Styreleiar



May Eva Sandvik
Styremedlem/nestleiar



Ingmar Ljones
Styremedlem



Stine F. Brandsdal
Styremedlem



Per Lerøy
Varamedlem